



Svenn Erik Eide
Øvre Tofte 3

5454 Sæbøvik

| | | | | |
|---------------------|---------------------|------------------|-------------|-------------------|
| Saksbehandlar | Tlf. direkte innval | Saksnummer | Dykkar ref. | Dato |
| Svein Marken | 952 12 653 | 2026/3958 | | 15.06.2026 |

IGANGSETJINGSLØYVE - TILTAK UTAN ANSVARSRETT – delegert vedtak

| | |
|--------------------|---|
| Tiltak: | Lagerhall |
| Gnr/bnr: | 196/1 |
| Byggestad/adresse: | Øvre Tofte 3, 5454 Sæbøvik |
| Tiltakshavar: | Svenn Erik Eide, Øvre Tofte 3, 5454 Sæbøvik |
| Ansvarleg søkjar: | d.s |
| Matrikkel: | BYA/BTA:301m ² BRA:294m ² |

Delegert vedtaksnr.: 2026/256

Med heimel i plan- og bygningslova (PBL) § 20-4 vert søknad journalført 05.05.2026/01.06.2026 og tilhøyrande situasjonsplan og teikningar godkjent. Det er tiltakshavar sitt ansvar at tiltaket vert utført i samsvar med vilkåra gitt i og i medhald av plan- og bygningslova. Tiltakshavar er òg ansvarleg for plassering i høgde og plan.

Nabomerknad frå eigar gbnr. 193/79 er ikkje teken til følgje

Vilkår:

1. Søknad om ferdigattest jf. PBL § 21-10 må sendast Kvinnherad kommune når tiltaket er ferdig utført.

Tiltaket kan igangsetjast straks klagefrist på 3 veker er gått, og det ikkje ligg føre klage.

Løyvet er gyldig i 3 år frå vedtaksdato, etter denne tid fell løyvet bort. Dersom føresetnadane vert endra i høve til dette løyvet, må det søkjast om endring av løyve.

Dette løyvet er eit enkeltvedtak som ein kan klaga på etter vilkåra i forvaltningslova § 28 og PBL § 1-9. Klagefristen er 3 veker i frå løyvet vert motteke.

Grunnlag for løyvet

- Plassering: Tiltaket er i samsvar med planar og vilkår gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova, medrekna vassforsyning, avløp, tilkomst, avstands- og høgdereglar, grunn og miljøkrav og tekniske krav.
- Nabovarsel: Naboar og gjenbuarar er lovleg varsla. Det ligg føre merknad frå eigar av gbnr. 193/79 som skriv at han godtek oppsetjing av hall, men med krav om kommunal oppmåling og godkjenning. Tiltakshavar skriv i svar på merknad at det vart nytta kommunalt godkjent oppmålar og at bygget er plassert med god avstand til grensa. Grensa slik vist i kart er etter kontorforretning i 1982 og administrasjonen vurderer at bygget med si plassering 10m frå grensa har god avstand til denne. Nabomerknad er ikkje teken til følgje, jamfør vedtaket ovanfor.
- Estetikk: Tiltaket har god utforming i høve til rimelege estetiske omsyn.
- Naturmangfaldlova: Ingen truga artar eller naturtypar er registrert i området.
- Kulturminne: Ingen registreringar i området.
- Landbrukskontoret har ingen merknad til plasseringa.

Merknader

- Rekning for behandlingsgebyr iflg. vedtekne gebyrregulativ vert sendt frå Økonomikontoret til søkjar.
- Kommunen har plikt til å føre tilsyn i byggesaker. Ref. PBL § 25-1. Kvinnherad kommune har utarbeidd og godkjent eigen tilsynsstrategi. Kommunen kan føre tilsyn kva tid som helst i løpet av byggesaka og inntil 5 år etter at ferdigattest er gitt.
- **Bygningen må ikkje takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.**

Alle lovtilvisingar i dette løyvet kan ein finna under internettportalane: www.dibk.no eller www.lovdata.no

For kommunedirektøren i Kvinnherad

Svein Marken
Rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift

Kopi til:

Referatsak forvaltningsutvalet
Matrikkelen
Eigar gbnr. 193/79(Nabo med merknad)